



Lindås Feriesenter AS
Postboks 22
5951 Lindås

Dykkar ref.

Vår ref.
2006/2448 - 28018/2008

Saksbehandlar – tlf.
Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24

Arkivkode
108/540

Dato
08.12.2008

Vedkommende reguleringsendring- Lindås Feriesenter gbnr 108/540 -Lindås

Viser til brev om plassering av flytebrygge/bølgjebrytar motteke 10.06.2008 (datert 19.08.2007), og beklagar at De ikkje har fått svar tidlegare.

Den innsende søknaden kan ikkje handsamast direkte, men må gjennom ein planprosess, og vi ser for oss følgjande trinn i handsaminga:

- 1) Varsling - utførast av tiltakshavar, som tek i mot uttalar og handsamar desse
- 2) Innsending av planframlegg - utførast av tiltakshavar
- 3) Høyring (ev. 1. gongs hands. og off.utlegging) - utførast av kommunen
- 4) Vedtak (ev. 2. gongs hands. og kunngjering) og utsending til partane

Vi tilrår at De varslar oppstart av reguleringsendring med ei formulering som tek høgde for både reguleringsendring etter pbl § 28-1 nr.1 og mindre vesentleg reguleringsendring etter pbl § 28-1 nr.2.

Varsel skal vera i form av brev med kartvedlegg til offentlege instansar, naboar og annonse med kart i lokalavisene.

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	Pb.7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Avdeling for regional utvikling	Pb.7900	5020	BERGEN
Bergen og Omland havnevesen		Pb. 6040	5892	BERGEN
Kystverket Vest	Flathauggata 12	Pb.7900	5523	HAUGESUND

Varsalet skal visa det aktuelle arealet og omtala dei ønskete endringane.

Vi trur sjansen er større til å få gjennomført endringa som mindre vesentleg dersom utvidinga av regulert område ikkje vert større enn det som er strengt nødvendig å få plass til flytebrygge/bølgjebrytar.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

